

## Lin Tove Thomassen

---

**Emne:** VS: Svar på påstand om miljøkriminalitet  
**Vedlegg:** Vedtak - Modalen - Otterstadstølen naturreservat - Flytting og rehabilitering av støl samt drenering av stølsvollen.pdf; Tilskot til grøfting på Otterstadstølen (1).pdf

---

**Frå:** Laila Bjørge  
**Send:** mandag 13. november 2023 11:55  
**Til:** 'leiftoreekse@yahoo.no' <[leiftoreekse@yahoo.no](mailto:leiftoreekse@yahoo.no)>  
**Kopi:** Tone Selmer Skuggevik <[Tone.Skuggevik@modalen.kommune.no](mailto:Tone.Skuggevik@modalen.kommune.no)>  
**Emne:** Svar på påstand om miljøkriminalitet

Hei  
Eg har fått oversendt din henvendelse frå Modalen kommunen. Landbrukskontoret i Alver som har ansvar for landbruksforvaltninga i Modalen og svarer difor på vegne av kommunen i denne saka.

Det er bra at du er oppteken av å ta vare på viktige naturverdiar i Modalen. Under ligg ei kort orientering om problemstillinga du tek opp.

I 2019 sette fleire av grunneigarane i gang eit initiativ for å rehabilitera stølsvollen og sikra stølshusa mot auka fukt. Dei søkte den gong fylkesmannen i Vestland om løyve, og det var gjennomført synfaring der i 2019. Vedlagt ligg løyve til drenering/flytting av stølshus gitt av 19.05.2020 av fylkesmannen i Vestland.

Modalen kommune har ytt tilskot til drenering og her er utdrag frå vurderinga.

*Otterstadstølen er eit vakkert stølsområde, med stor kulturhistorisk verdi. Stølsvollen er vassjuk og har trong for tiltak, kommunen syns det er positivt at grunneigarane har tatt initiativ til å forbetra grøftetilstanden på vollen.*

*God drenering er eit av dei viktigaste tiltaka for jord- og plantekultur, og for stølsvollen på Otterstadstølen vil det ha betyding for artsmangfaldet at den vert tørrare.*

*Søknaden har vore handsama av fylkesmannen som vernemyndigheit for reservatet og dei har gjort vurderingar og vedtak i høve til verneforskrifta og etter naturmangfaldlova. Det er difor ikkje trong for ytterlegare vurderingar frå kommunen i høve til kva konsekvensar tiltaket vil ha.*

*I smil –stragei for Modalen 2018-2020 er prioritert som nr 1: Satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som beite og setervollar.*

Legg ved vedtak og kart.

Vonar dette var svar på meldinga di.

Med venleg helsing

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar landbruk  
Telefon: 56 171185/957 35 405  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE